



Møteprotokoll

Utval: Fellesnemnd Nye Øygarden kommune

Stad: Skjenet 2, møterom i andre etasje

Dato: 22.01.2018

Tid: 09:00 - 12:10

Medlemer som møtte:

Kari-Anne Landro	Leder	H
Marianne Sandahl Bjarøy	Nestleder	AP
Børge Haugetun	Nestleder	TVØ
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Ernst Morten Einarsen	Medlem	H
Odd Bjarne Skogestad	Medlem	KRF
Olav Kobbeltveit	Medlem	V
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
Jøgeir Sognnæs	Medlem	AP
Silvia Haugland	Medlem	TVØ
Ingrid Marie Toft	Medlem	H

Forfall:

Egil Haaland	MEDL	AP
Kjell Arve Vorland	MEDL	SP
May Elin Limevåg	MEDL	FRP
Espen Harkestad	MEDL	AP
Svein Petter Bergh	MEDL	SL
Anita Garlid Johannessen	MEDL	FRP

Varamedlemer som møtte:

Hilde E Lohmann Sandal	for Egil Haaland	AP
Elizabeth Toft Erichsen	for May Elin Limevåg	V
Ørjan Telle	for Kjell Arve Vorland	AP
Andreas Kallekleiv	for Espen Harkestad	H
Kjell Rune Garlid	for Svein Petter Bergh	SL
Ingen vara	for Anita Garlid Johannessen	

Andre:

Prosjektleiar Paul J. Manger, leiar i utval for eigarskapsmodellar Atle Dåvøy, møtesekretær Unni Rygg.

Børge Haugetun

Kari-Anne Landro
underskrifter

Marianne Sandahl Bjarøy

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 1/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll
PS 2/18	Referatsaker og orienteringar
RS 1/18	Referat partssamansett utval 10.01.2018
PS 3/18	Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda
PS 4/18	Fråsegn til kommunane sine budsjett og økonomiplanar
PS 5/18	Søknad frå kyrkjeleg fellesnemnd - 2.gongs handsaming
PS 6/18	Statusrapport januar 2018 - utval for eigarskapsmodellar
PS 7/18	Mandat for arbeidsgruppe for lokaldemokrati og identitet
PS 8/18	Samordning av adressesystem i Nye Øygarden kommune - kriterier for endring av adressenamn
PS 9/18	Nye Øygarden kommune - samordning av gardsnummersystema
PS 10/18	Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i Fellesnemnda 22.januar 2018

PS 1/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

Det var 16 medlemer av utvalet til stades, då melding om forfall frå medlem Anita Garlid Johannessen (FrP) diverre ikkje var nådd fram til møtesekretær.

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte, 11.12.2017, vart godkjente utan merknadar.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

Innkalling, saksliste og protokoll vert godkjent.

PS 2/18 Referatsaker og orienteringar

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

Orienteringar

- Informasjon frå leiar av fellesnemnda, Kari-Anne Landro:
Møta frå fellesnemnda vert no lagt ut på <http://www.nyeoygardenkommune.no/> som nett-TV. Frå og med neste møte, 19.februar, er det avklart at Radio Sotra og Vestnytt kan vidaresende / legge ut møta i fellesnemnda. Elles er det starta opp eit arbeid med å lage intern nyheitsavis for dei tilsette; det er lagt opp til ca. 4 aviser pr. år.

- Status frå prosjektleiar Paul J. Manger:
Det meste av tida mellom møta i fellesnemnda går til å førebu neste møte. Prosjektleiar jobbar også med ein administrativ organisasjonsmodell. Den administrative hovudstrukturen er todelt – kommunevise samlingar med rådmenn og deira leiarar der ein ser på sterke sider ved eigen organisasjon, og fellesamlingar der ulike organisasjonsmodellar og satsingsområder vert diskutert. Fellesnemnda vil få presentert sak om administrativ organisasjonsmodellen på sitt møte 19.mars.
- Statusrapport frå utval for politisk styringsstruktur v/ utvalsleiar Marianne Sandahl BJORØY:
Ifølgje utvalet sin møteplan så er tre av i alt sju møter gjennomført, og det er lagt opp til 20.mars som siste møte. I arbeidet med mandatet ser utvalet at dei vil tilrå to hovudutval i den nye kommunen, utarbeide forslag til felles delegasjonsreglement, og til reglement om folkevalte sine arbeidsvilkår. Eit komplett dokument vert lagt fram med tilråding frå utvalet til fellesnemnda sitt møte 16.april. BJORØY bad fellesnemnda ta stilling til om utvalet også bør få utvida sitt mandat slik at dei kan kome med framlegg til etisk reglement, og fellesnemnda vedtok samrøystes framlegget.

Orienteringar og referatsaker vart elles tekne til orientering.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

Utval for politisk styringsstruktur får utvida sitt mandat frå fellesnemnda slik at dei også kan tilrå etisk reglement for den nye kommunen.

RS 1/18 Referat partssamansett utval 10.01.2018

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

Referatsaka vert teken til orientering.

PS 3/18 Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda

- Spørsmål fremja av ordførar i Fjell kommune til fellesnemnda (vedlegg)

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

- Spørsmål fremja av ordførar i Fjell kommune til fellesnemnda:

Oversendingsforslag fremma i Fjell kommunestyre desember 2017 i behandling av Budsjett/Økonomiplan for 2018:

Det økonomiske handlingsrommet for Fjell kommune er svært avgrensa dei komande åra. Det er særstakt vanskeleg å finna midlar til full drift av det nye Lokal Medisinskt Senter (LMS) på Straume i 2019. LMS er eit stort løft for regionen vår. Det må difor vere ei prioritert oppgåve for kommunane å finna fram til korleis vi skal sikra full drift av LMS. Den nye kommunen vil forvalta eit driftsbudsjettpå nærmere tre milliardar kroner. Eitt av måla med ei kommunesamanslåing er å sikra ein effektiviseringsgevinst som i 2020 skal gje oss større handlingsrom enn kommunane har kvar for seg. Vi meiner det skal vera mogeleg for den nye storkommunen å frigje minst 100 millionar frå drifta når det første driftsbudsjettet blir lagt fram i 2019. Då er det tvingande naudsynt at Fellesnemnda får mandat til å effektivisere den nye

kommunen slik at 100 millionar kan stillast til rådvelde som frie midlar ved overgangen til ny storkommune. Midlane vert avsett i disposisjonsfond for den nye kommunen, men 40 millionar skal øyremerkjast til drift av det nye Lokal Medisinsk Senter.

Oversendingsframlegget vart drøfta i fellesnemnda. Fleire av medlemene viste til at det ikkje vil vere mogleg for fellesnemnda å effektivisere drifta i dei noverande tre kommunane, for å frigjere midlar til drift av lokalmedisinsk senter (LMS), før den nye kommunen er etablert. Det var likevel semje om at drifta av LMs vil vere avgjerande for den nye kommunen, og fellesnemnda tok til seg signala om at 40 millionar bør øyremerkast til drift av LMS i 2020.

- Spørsmål fremja av medlem Tom Georg Indrevik:

I media vert det presentert planar for eit nytt høghus på Straume – «Regionens hus». Eg har tidlegare sendt over innspel om at Regionens hus bør vurdere å huse innbyggjarservice / bibliotek, og vere ei base for den nye kommunen. Er det gjort noko meir i saka? Og når vil det ev. kome ei sak om det samla behovet for lokalar i den nye kommunen?

Ernst M. Einarsen viste til at han, som eigarrepresentant, vil vere ugild dersom Regionens hus skal behandlast i fellesnemnda. Leiar Kari-Anne Landro var klar på at Regionens hus ikkje skal realitetsbehandlast no og at Einarsen såleis kunne sitje ved møtebordet under diskusjonen.

Svar frå fellesnemnda v/ leiar Kari-Anne Landro:

Regionens hus er eit hus som blei regulert i områdeplanen for Straume, vedtatt i 2010. I planfasen var det dialog mellom utbyggjar og politisk/administrativt nivå i Fjell kommune for å sjå på behov for nye og meir samordna lokale sentralt i Straume. Det blei m.a. peikt på NAV som eit aktuelt servicetilbod, samt lokalisering av andre publikumsnære tenester.

Biblioteket på Straume er planlagt flytta til Regionens hus på grunn av omdisponering av areal som biblioteket disponerer i Sartor Storsenter i dag. I arbeidet med intensjonsavtalen har det blitt snakka mykje om nye tenester knytt til biblioteka (t.d. servicetorgtenester/tenestesenter). Prosess når det gjeld dette er ikkje avklart i arbeidet med Nye Øygarden kommune.

Samla communal bygningsmasse må sjåast opp mot behovet til Nye Øygarden kommune. Dette skal avklarast i sak planlagt presentert til fellesnemnda i andre kvartal 2018 ifølgje framlagt milepelsplan. Her vil òg vidare bruk bli vurdert, ifølgje milepelsplan. Lokalisering av kommunale tenester er ikkje avklart og det er difor ikkje mogleg å sei noko i dag om det endelege behovet for lokale ut over dei areal ein disponerer i dei tre kommunane i dag. Dette er ein omfattande prosess der lokalisering må sjåast i samanheng med innhald i tenester og organisering av tenester.

Milepelsplanen for Nye Øygarden kommune inneholdt eit punkt 30 som seier følgjande:

Oppgåve nr 30 – Kartlegging og vurdering av communal infrastruktur

Kartlegga noverande infrastruktur som bygg, anlegg, køyrety og anna utstyr.

Vurdera vidare bruk. Arbeidsgruppe.

Adm. ansvar: Prosjektleiar/saksframlegg.

Politisk ansvar: Fellesnemnda/drøfting og vedtak

Tid: 2.kvartal 2018

PS 4/18 Fråsegn til kommunane sine budsjett og økonomiplanar

Innstilling:

1. Fellesnemnda legg til grunn at kommunane sine vedtekne investeringar for budsjettåret 2018, med økonomiplanperioden 2018-2021, er forsvarlege og i samsvar med dei avtalte målsetjingane for den nye kommunen.
2. Fellesnemnda legg til grunn at dei vedtekne investeringsplanane i kvar av kommunane er i samsvar med framtidige behov. Det for tidleg å gi uttale til om investeringane er på eit økonomisk forsvarleg nivå for den nye kommunen.
3. Fellesnemnda ber kommunane koordinere bruken av føresetnader for budsjettarbeidet for 2019 slik at det er lettare å få ei heilskapleg oversikt over den økonomiske situasjonen på både budsjett- og investeringssida for den framtidige Nye Øygarden kommune.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

Framlegg frå Tom Georg Indrevik (H) om nye tilleggspunkt 4-6:

4. Fellesnemnda ber om at det vert utarbeidd eit «skyggebudsjett» for 2019. Skyggebudsjettet bør vise til effektiviseringsmogleigheter for første driftsår 2020.
5. Fellesnemnda ber vidare om at det blir utarbeidd ei skisse til korleis prosessen fram mot eit budsjett for 2020 bør leggast opp for å sikre god og heilskapleg tilnærming. Viser her til milepelsplanen sitt punkt 35 og ber om at punktet blir framskunda til 4 kvartal 2018.
6. Innan utgangen av 2018 vert det lagt fram ei orientering som viser status for balansane til dei tre kommunane med særleg fokus på ev. lån og garantiar som bør avskrivast i dei eksisterande kommunane, slik at det om mogleg kan leggjast til grunn ein lik praksis for dei tre eksisterande kommunane.

Framlegg om nytt punkt 6 vart diskutert, og konkretisert med merknad frå Ernst M. Einarsen om at «avskriving» heller bør endrast til «ettergje gjeld». Fleire av medlemmene gav uttrykk for at innhaldet i nytt punkt 6 var særskilt for Fjell kommune sin del, og at kommunen bør rydde og sikre rein opningsbalanse i budsjetta fram til ny kommune, uavhengig av vedtak i fellesnemnda.

Innstillinga punkt 1-3 vart samråystes vedtekne som fråsegn til fylkesmannen.

Framlegg til nytt punkt 4-5 vart samråystes vedtekne.

Framlegg til nytt punkt 6 fekk sju røyster (mindretallet: 3 H, 2 V, 1 SL, 1 KrF) og fall.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

1. Fellesnemnda legg til grunn at kommunane sine vedtekne investeringar for budsjettåret 2018, med økonomiplanperioden 2018-2021, er forsvarlege og i samsvar med dei avtalte målsetjingane for den nye kommunen.
2. Fellesnemnda legg til grunn at dei vedtekne investeringsplanane i kvar av kommunane er i samsvar med framtidige behov. Det for tidleg å gi uttale til om investeringane er på eit økonomisk forsvarleg nivå for den nye kommunen.
3. Fellesnemnda ber kommunane koordinere bruken av føresetnader for budsjettarbeidet for 2019 slik at det er lettare å få ei heilskapleg oversikt over den økonomiske situasjonen på både budsjett- og investeringssida for den framtidige Nye Øygarden kommune.

4. Fellesnemnda ber om at det vert utarbeidd eit «skyggebudsjett» for 2019.
Skyggebudsjettet bør vise til effektiviseringsmogleheter for første driftsår 2020.
5. Fellesnemnda ber vidare om at det blir utarbeidd ei skisse til korleis prosessen fram mot eit budsjett for 2020 bør leggast opp for å sikre god og heilskapleg tilnærming. Viser her til milepelsplanen sitt punkt 35 og ber om at punktet blir framskunda til 4 kvartal 2018.

PS 5/18 Søknad frå kyrkjeleg fellesnemnd - 2.gongs handsaming

Innstilling:

Fellesnemnda løyver kr 780 000 til kyrkjeleg fellesnemnd som tilskot til arbeidet med å slå saman og etablere ein ny kyrkjeleg fellesorganisasjon for Nye Øygarden kommune. Midlane vert fordelt med kr 390 000 i 2018 og kr 390 000 i 2019.

Dette er ei endeleg tildeling av midlar til kyrkjeleg fellesnemnd av midlar som fellesnemnda har fått tildelt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

Framlegg frå Odd Bjarne Skogestad, fellesnemnda sin representant i Kyrkjeleg fellesnemnd, om ny løyving:

Fellesnemnda løyver kr 1 200 000 til kyrkjeleg fellesnemnd som tilskot til arbeidet med å slå saman og etablere ein ny kyrkjeleg fellesorganisasjon for Nye Øygarden kommune. Midlane vert fordelt med kr 600 000 i 2018 og kr 600 000 i 2019.

Framlegget frå Skogestad vart diskutert i fellesnemnda, med særskilt fokus på at løyvd sum uansett skal vere ei ramme som den kyrkjelege fellesnemnda kan disponere sjølv.

Møtet vart heva for avklaring om leiar har dobbeltstemme i fellesnemnda eller ei. Leiar Kari-Anne Landro viste til inndelingslova § 26 om at «Reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalde organ gjeld elles tilsvarande», og leiar si stemme er såleis avgjerande ifølgje kommunelova § 35, 1.ledd.

Framlegg frå Odd Bjarne Skogestad vart satt opp mot innstillinga. Innstillinga vart vedteken med 9 røyster inkludert møteleiar si dobbeltrøyst. Mindretallet: 8 (5 H, 1 V, 1 KrF, 1 SL).

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

Fellesnemnda løyver kr 780 000 til kyrkjeleg fellesnemnd som tilskot til arbeidet med å slå saman og etablere ein ny kyrkjeleg fellesorganisasjon for Nye Øygarden kommune. Midlane vert fordelt med kr 390 000 i 2018 og kr 390 000 i 2019.

Dette er ei endeleg tildeling av midlar til kyrkjeleg fellesnemnd av midlar som fellesnemnda har fått tildelt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

PS 6/18 Statusrapport januar 2018 - utval for eigarskapsmodellar

Innstilling:

1. Fellesnemnda tek saka og presentasjonen til leiar Atle Dåvøy i møte til orientering.
2. Fellesnemnda har utover dette desse merknadane til saka:

.....

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

Leiar av utval for eigarskapsmodellar, Atle Dåvøy, var til stades i møtet og presenterte status for arbeidet i utvalet. Dåvøy viste til at utvalet ser på organiseringa av områder som vatn-, avløp og renovasjon (VAR), og eigedom- og bustadforvaltning. Utvalet ynskjer å tilrå organisering av nytt Øyvar AS inkludert kommunal vegutbygging, og etablering av Øygarden eigedomsforvaltning AS. Utvalet vil kome med ein samla rapport til fellesnemnda sitt aprilmøte, der ulike moment knytt til renovasjon, vegutbygging, eigedomsforvaltning og næringsforvaltning vil diskuterast nærmere som grunnlag for val av modellar.

Dåvøy bad også fellesnemnda om konkret tilbakemelding rundt utvalet sitt vidare arbeid med selskap og stiftingar.

Marianne Sandahl Bjørøy kom med følgjande framlegg om ny merknad til innstillinga punkt 2):

2. Fellesnemnda har utover dette desse merknadane til saka:
 - Utval for eigarskap må gå i dialog med dagleg leiar/tilsette i selskapa i kommunane med tanke på tidleg informasjon om utvalet sitt arbeid.

Leiar Kari-Anne Landro og Marianne Sandahl Bjørøy kom med følgjande fellesframlegg om ny merknad til innstillinga punkt 2):

2. Fellesnemnda har utover dette desse merknadane til saka:
 - Fellesnemnda ber utvalet sjå nærmere på oppløysing av stiftingar sett i lys av kommunesamanslåinga. Utval for eigarskap må opprette dialog med Fjell bustadstifting med sikte på oppløysing av stiftinga.

Innstillinga, saman med desse to nye merknadane til punkt 2, vart samrøystes vedtekne.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

Innstilling:

1. Fellesnemnda tek saka og presentasjonen til leiar Atle Dåvøy i møte til orientering.
2. Fellesnemnda har utover dette desse merknadane til saka:
 - Utval for eigarskap må gå i dialog med dagleg leiar/tilsette i selskapa i kommunane med tanke på tidleg informasjon om utvalet sitt arbeid.
 - Fellesnemnda ber utvalet sjå nærmere på oppløysing av stiftingar sett i lys av kommunesamanslåinga. Utval for eigarskap må opprette dialog med Fjell bustadstifting med sikte på oppløysing av stiftinga.

PS 7/18 Mandat for arbeidsgruppe for lokaldemokrati og identitet

Innstilling:

1. Fellesnemnda sluttar seg til mandat presentert i saka, med følgjande korrigeringar og føringer:
2. Fellesnemnda sluttar seg til at arbeidet med lokaldemokrati og identitet skal bruke Øygarden2020 som omdømmebyggingsnamn i prosjektfasen fram til 2020.
3. Fellesnemnda vedtek at arrangement som skal gjennomførast i 2018 er: MOT-festival, framtidsseminar, kystpass for turløyper i den nye kommunen, og internt kulturyggingsarrangement for tilsette.
4. Fellesnemnda ber om at arbeidsgruppa til fellesnemnda sitt møte 19. mars 2018 presenterer eit rammebudsjett for dei tiltak og arrangement som mandatet for arbeidsgruppa presenterer.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

Fellesnemnda diskuterte saka og vart samde om gjere nokre justeringar i mandatet til arbeidsgruppe for lokaldemokrati og identitet.

Framlegg frå leiar Kari-Anne Landro, om endra punkt 1 med korrigeringar og føringer til mandat for arbeidsgruppe for lokaldemokrati og identitet, endra punkt 3 og endra punkt 4:

1. Fellesnemnda sluttar seg til mandat presentert i saka, med følgjande korrigeringar og føringer:
 - Fellesnemnda skal vera ein støttespelar til gjennomføring av MOT-festival i 2018.
 - Utval for lokaldemokrati og identitet går i dialog med turlaga knytt til Kystpass
 - Utval for lokaldemokrati og identitet skal gå gjennom eksisterande venskapsavtalar i dei tre kommunane og koma med forslag til kva ein kan gjera på dette området i nye Øygarden kommune.
 - Interne kulturarrangement for tilsette går ut av mandatet. Fellesnemnda ber prosjektleiar koma tilbake med ei vurdering på korleis interne kulturarrangement for dei tilsette skal løysast.
3. Fellesnemnda vedtek at det skal gjennomførast framtidsseminar i 2018.
4. Fellesnemnda ber om at arbeidsgruppa til fellesnemnda sitt møte 16.april 2018 presenterer eit rammebudsjett for dei tiltak og arrangement som mandatet for arbeidsgruppa presenterer.

Framlegg om nytt punkt 1, 3 og 4 vart samrøystes vedtekne.
Innstillinga punkt 2 vart elles samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

1. Fellesnemnda sluttar seg til mandat presentert i saka, med følgjande korrigeringar og føringar:
 - Fellesnemnda skal vera ein støttespelar til gjennomføring av MOT-festival i 2018.
 - Utval for lokaldemokrati og identitet går i dialog med turlaga knytt til Kystpass
 - Utval for lokaldemokrati og identitet skal gå gjennom eksisterande venskapsavtalar i dei tre kommunane og koma med forslag til kva ein kan gjea på dette området i nye Øygarden kommune.
 - Interne kulturarrangement for tilsette går ut av mandatet. Fellesnemnda ber prosjektleiar koma tilbake med ei vurdering på korleis interne kulturarrangement for dei tilsette skal løysast.
2. Fellesnemnda sluttar seg til at arbeidet med lokaldemokrati og identitet skal bruke Øygarden2020 som omdømmebyggingsnamn i prosjektfasen fram til 2020.
3. Fellesnemnda vedtek at det skal gjennomførast framtidsseminar i 2018.
4. Fellesnemnda ber om at arbeidsgruppa til fellesnemnda sitt møte 16.april 2018 presenterer eit rammebudsjett for dei tiltak og arrangement som mandatet for arbeidsgruppa presenterer.

PS 8/18 Samordning av adressesystem i Nye Øygarden kommune - kriterier for endring av adressenamn

Innstilling:

1. Det vert sett i gang eit arbeid med å endre like og svært like adressenamn for Nye Øygarden kommune.
2. Følgjande kriterier vert lagt til grunn for endringane:
 - Prioritere vegar/adresseparsellar med mange adresseeiningar, slik at færrest mogleg må endre adresse.
 - Prioritering av adressenamn med tilknyting til gamle gardsnamn og/eller stadnamn, og veletablerte namn som mange har sterkt/lang tilknyting til.
 - Prioritering av namn som vert ofte brukt av mange, t.d. adressenamn knytt til stader med næringsverksemد og/eller offentleg verksemد.
 - Prioritering av adressenamn som høyre saman (nordre, søre osv.)
 - Prioritere å slette små/korte vegparsellar med eige adressenamn som enkelt kan endrast/ omadresserast til tilstøytande veg.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

1. Det vert sett i gang eit arbeid med å endre like og svært like adressenamn for Nye Øygarden kommune.
2. Følgjande kriterier vert lagt til grunn for endringane:
 - Prioritere vegar/adresseparsellar med mange addresseeininger, slik at færast mogleg må endre adresse.
 - Prioritering av adressenamn med tilknyting til gamle gardsnamn og/eller stadnamn, og veletablerte namn som mange har sterkt/lang tilknyting til.
 - Prioritering av namn som vert ofte brukt av mange, t.d. adressenamn knytt til stader med næringsverksemde og/eller offentleg verksemd.
 - Prioritering av adressenamn som høyrer saman (nordre, søre osv.)
 - Prioritere å slette små/korte vegparsellar med eige adressenamn som enkelt kan endrast/ omadresserast til tilstøytande veg.

PS 9/18 Nye Øygarden kommune - samordning av gardsnummersystema

Innstilling:

1. Fellesnemnda godkjenner at det vert etablert eit nytt gardsnummersystem i Nye Øygarden kommune, med verknad frå 01.01.2020. og i samsvar med tilrådinga frå Statens kartverk.
2. Det nye gardsnummersystemet tar utgangspunkt i gjeldande system for kvar av dei tre kommunane, og tilpassar det til eit felles system etter følgjande føresetnader:
 - Fjell beheld eksisterande gardsnummerserie (startar på gnr. 1)
 - Sund legg til 100 (startar då på gnr. 101)
 - Øygarden legg til 200 (startar då på gnr. 201)
3. Bruksnumra vert ikkje endra i denne samanheng for nokon av eigedomane.
4. Prosjektleiar gjev tilbakemelding til Statens kartverk innan fristen 14.02.2018.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

1. Fellesnemnda godkjenner at det vert etablert eit nytt gardsnummersystem i Nye Øygarden kommune, med verknad frå 01.01.2020. og i samsvar med tilrådinga frå Statens kartverk.

2. Det nye gardsnummersystemet tar utgangspunkt i gjeldande system for kvar av dei tre kommunane, og tilpassar det til eit felles system etter følgjande føresetnader:
 - Fjell beheld eksisterande gardsnummerserie (startar på gnr. 1)
 - Sund legg til 100 (startar då på gnr. 101)
 - Øygarden legg til 200 (startar då på gnr. 201)
3. Bruksnumra vert ikkje endra i denne samanheng for nokon av eigedomane.
4. Prosjektleiar gjev tilbakemelding til Statens kartverk innan fristen 14.02.2018.

PS 10/18 Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i Fellesnemnda 22.januar 2018

Innstilling:

Fellesnemnda tek endringar og korrigeringar i milepelsplanen til orientering.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

Leiar Kari-Anne Landro bad om at milepelsplanen vert sett fyrst på sakskartet til fellesnemnda sitt neste møte.

Marianne Sandahl Bjorøy viste til punkt 24 i milepelsplanen, om «Framtidig pensjonsordning», og bad om ei sak om prosessen for arbeidet med framtidig pensjonsordning for Nye Øygarden kommune til møtet i fellesnemnda 19.februar.

Innstillinga vart elles samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 22.01.2018:

Fellesnemnda tek endringar og korrigeringar i milepelsplanen til orientering.